



Notat

Dato: 10.04.2014
Arkivsak: 2014/325-15
Saksbehandlar: Iaimelk

Til: Fylkesordførar

Frå: Kultur- og idrettsavdelinga ved Anne Aune på vegne av festkomiteen for Grunnlovsjubileet

Søknad om løyve til å servere alkoholhaldig drikke på fylkeskommunalt arrangement 14 mai 2014

På Festmiddag for Grunnlova 14. mai 2014 på Grand Selskapslokaler inviterer det felles vertskapet Universitetet i Bergen, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune representantar frå heile fylket til å delta. Det er invitert om lag 300 gjester som representerer våre tre institusjonar, saman med andre forvaltingsorgan på lokalt, regionalt og statleg nivå, sivilsamfunnet og andre. Middagen er ein treretters meny med tilbod om anten alkoholfri eller alkoholhaldig drikke.

Høvet er feriringa av Grunnlovsjubileet 1814-2014, og det er lagt opp til ein høgtidsstemt fest med taler, kunstnarlege innslag og pent antrekk.

Sjå vedlagde invitasjon på neste side.

Det er statens satsar på om lag 1100 kroner som er lagt til grunn for kostnad per kuvert, og utgiftene til festmiddagen blir delt mellom Universitetet i Bergen, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune.

Vi søker med dette om løyve til skjenking av alkohol i samband med festmiddagen.

Med von om positiv handsaming.

The collage features several images: top left shows a person in a traditional red and white patterned sweater; top right shows a person in a maroon and white baseball-style shirt; middle left shows a young boy in a blue hoodie; middle right shows a historical document with red wax seals; bottom left shows three young women laughing; bottom center shows a logo for 'GRUNNLOVSJUBILEET 1814-2014' with stylized letters 'JM' and a heart; bottom right shows two children in winter gear; and various other small images of people and documents.

**FESTMØTE &
FESTMIDDAG**

14. mai 2014
Korskirken kl 18
Grand Selskapslokaler kl 20

Historiske taler frå 1814
Kommentarar og musikalske innslag

Festmeny inspirert av 200 år i Hordaland
Antrekk: bunad/pent
Vi ber om svar innan 5.mai

Felles vertskap
Hordaland fylkeskommune
Bergen kommune
Universitetet i Bergen
Hjarteleg velkommen!

GRUNNLOVSJUBILEET 1814-2014

